

**VEDTEKTER FOR**  
**SOGN OG FJORDANE HOLDING AS**  
**(Vedteke i generalforsamling xx. xx 2019)**

**§1-Føretaksnamn**

Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Holding AS.

**§2-Forretningskontor**

Selskapet sitt forretningskontor er i Leikanger kommune.

**§3-Føremål**

Selskapet eig per **8. oktober 2019** 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS – og sjølv eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.

**§4-Aksjekapital, aksjonærer**

Aksjekapitalen er kr 3 834 904, fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr. 1, fordelt på to aksjeklassar, A og B. Aksjeklasse A består av 766 980 aksjar a kr. 1, til saman kr. 766 980. Aksjeklasse B består av 3 067 924 aksjar a kr. 1, til saman kr. 3 067 924. Skilnaden mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51 % av stemmane på generalforsamlinga. Elles er aksjane jamstilte.

Selskapet sine aksjonærer er frå 1. januar 2020 Vestland fylkeskommune og kommunane Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund.

**§5 - Styre**

Selskapet skal ha eit styre med fem medleamar. To av medlemmane veljast av eigarane av aksjeklasse B. Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet.

**§6 - Representasjon i eigarorgan i Sogn og Fjordane Energi AS**

Styreleiar representerer Sogn og Fjordane Holding AS på generalforsamling og eigarmøte i Sogn og Fjordane Energi AS.

**§7 – Generalforsamling**

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbyte
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

**Ved avgjerd om Sogn og Fjordane Energi AS, eller nokon av dette selskapet sine dotterselskap, skal fusjonere eller gjere vedtak om annan foretakssamanslutning med andre selskap, er eigarar av B-**

aksjar som har eigarinteresser i selskap som Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap vert føreslege fusjonert eller samanslåast med ugilde, og kan ikkje stemme på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS. Røystene til dei aksjonærane som ikkje kan stemme vert fordelt høvesvis på dei eigarar av B-aksjar som ikkje har slike eigarinteresser. Tilsvarande gjeld avgjerd om sal av aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.

#### **§ 8 – Forkjøpsrett**

Føresegnene om forkjøpsrett i aksjelova skal ikkje gjelde, jf. aksjeloven § 4-19 (1).

#### **§ 9 – Styresamtykke ved overdraging av aksjar**

Ei kvar overdraging eller inngåing av avtale om overdraging av aksjane i selskapet krev samtykke frå styret.

Selskapet må på grunn av konsesjonsrettslege tilhøve i SFE verte verande eit reelt offentleg eigd selskap, jf. vannfallrettighetsloven §§ 2 jf. 5. Overdraging av aksjar som gjer at selskapet ikkje lenger er offentleg eigd, vil kunne få vesentlege negative konsekvensar for selskapet. Ein kvar transaksjon som utløyser negative konsesjonsrettslege konsekvensar for selskapet, eller selskap kor selskapet eig aksjar, skal nektast.

Dersom overdraginga av aksjar ikkje vil utløyse negative konsesjonsrettslege konsekvensar som nemnde i førre avsnitt, men der konsesjonsbehandling er naudsynt for å avklare om salet vil føre med seg negative konsekvensar, skal styret kunne godkjenne aksjeoverdraginga med atterhald om utfallet av konsesjonsbehandling. Etter fullført konsesjonsbehandling kan samtykke nektast etter denne føresegna. Eventuelle avtalar om overdraging av aksjar skal innehalde atterhald som gjer at avtale om overdraging fell bort dersom styret i selskapet nektar å godkjenne overdraginga av aksjane.

Eventuelle avtalar om overdraging av aksjar skal innehalde atterhald om at konsesjon vert gjeve på tilfredsstillande vilkår.

#### **§ 10 - Aksjelov**

Elles gjeld den til kvar tid gjeldande aksjelov.